



Naturvernforbundet i Midt-Telemark

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

nve@nve.no

Saksnr.: 202312434

Bø

26.08.2025

Naturvernforbundets fråsegn til melding om rehabilitering og utviding av Oterholtfoss kraftverk

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT) viser til høyringsprosess initiert av NVE og varsla om 20. mai i høyringsvarsel frå same instans. NVMT mottok aldri varselet og me sende derfor ikkje inn fråsegn innan fristen 10. juni. Me tykte det var særskild beklageleg at korkje NVE eller Midt-Telemark kommune orienterte oss om høyringa innan fristen, og me tok derfor kontakt med NVE – etter å ha fått kjennskap til høyringa av ein av høyringspartane – med førespurnad om ny frist etter fellesferien og mogelegheit for oss til å uttale oss i saka. Dette blei avslått, men ikkje utan at me samtidig blei oppmoda til å sende inn våre kommentarar til saka, om me hadde slike (ref. korrespondanse på e-post med førre saksbehandlar). Dette er da bakgrunnen for fråsegna som ligg føre her, og me ønsker at ho skal gjevast status som høyringsinnspel og publiserast på lik line med innspela frå dei andre høyringspartane.

Generelt om meldinga frå Telemark Energi og Bystøl AS

Bystøl AS har på vegner av Telemark Energi utarbeidd ei melding om rehabilitering og utviding av Oterholtfoss kraftverk, eit tiltak som naturlegvis må sjåast i ljøs av blant anna tidlegare forsøk på å utvide kraftproduksjonen i Oterholtfossen.

Naturvernforbundet har i ulike samanhengar kommentert at før vesentlege vasskraftutbyggingar gjerast, må ein først vurdere potensialet for oppgradering av eksisterande kraftverk. I så måte er Telemark Energis forslag til rehabilitering og utviding av kraftverket noko som Naturvernforbundet ikkje har *prinsipielle* motførestillingar imot. Me synest også det er positivt, frå ein kultur- og industrihistorisk synsvinkel, at tiltakshavar denne gong er viljug til å la den gamle kraftstasjonsbygningen med tilhøyrande utstyr få lov til å stå etter eventuell bygging av ny kraftstasjon.

Naturvernforbundet har likevel fleire innvendingar til meldinga som er blitt lagt ut på høyring. Vår kanskje viktigaste innvending er at Bystøl AS berre byggjer på det kunnskapsgrunnlaget som låg til grunn for konsesjonssøknaden Nye Oterholtfoss kraftverk (**saksnr.: 201301317**), som fekk avslag av Olje- og Energidepartementet i februar 2020. Kunnskapsgrunnlaget frå den gong var utarbeidd av Norconsult og blei kritisert som utilfredsstillande av fleire høyringspartar, deriblant Bø fiskelag, Fylkesmannen i Telemark og Høgskolen i Telemark. Norconsults rapportar tok naturlegvis også stilling til heilt andre føresetnader enn dei som ligg til grunn for det omsøkte prosjektet i denne omgang. På bakgrunn av alt dette meiner me derfor at det må stillast krav til nye undersøkingar av alle relevante fagtema, der tiltakets karakter, både rehabilitering og rehabilitering og utviding, blir grunnlag for dei nye undersøkingane.

Naturvernforbundet reagerer elles på at meldinga inneheld referansar til «undersøkingar utført i fleire omgangar» (sjå s. 12 i rapporten), utan å spesifisere nærmare kva for rapportar det da siktast til. Selskapet har under «Referansar og grunnlagsdata» på side 18 berre oppgjeve Norconsults undersøkingar frå førre konsesjonsrunde som naturfaglege undersøkingar, og det blir svært generøst å karakterisere desse som «undersøkingar gjort i fleire omgangar». Naturvernforbundet kjenner ikkje til at det er blitt utført fleire naturfaglege undersøkingar i etterkant av Norconsults arbeid, og fasit er dermed at kunnskapsgrunnlaget alt i alt er for dårleg sett opp mot omsøkt tiltak til at konsesjonsfritak kan gjevast i denne omgang, slik me vurderer det.

Vidare vil me peike på at grunnlagstala som brukast for tørre år, skriv seg frå 1996. Merk at det ifølgje Bystøl AS sine berekningar vil vera nettopp i tørre år at endringar i slukeevne vil få mest å seia med omsyn til tal på dagar med minstevassføring. Prognosar med utgangspunkt i så gamle tal kan vanskeleg kan godtakast utan vidare, ettersom klimaendringar no og i framtida kan få stor innverknad på kor mange dagar det i tørre år vil bli med minstevassføring. Slik me ser det, er det derfor nødvendig å gjera berekningar i ljøs av nye og oppdaterte klimaanalysar, som del av ein ny og større fagrapport.

I den innleiande oppsummeringa i meldinga står det at dagens vassutnytingsgrad er på 20,6% mot 28,1% for ei rehabilitering og utviding (som inneber auke i slukeevne), medan det i tabell på side 8 står at dagens vassutnytting faktisk er berre på 14,4. Ei eventuell rehabilitering utan endring i slukeevne vil derimot gje 20,6%. Innleiingsoppsummeringa kan dermed gje inntrykk av at det omsøkte tiltaket inneber ei mindre endring jamført med dagens situasjon enn det tilfelle faktisk er.

Før me går nærmare inn på utvalde deltema, vil me også kommentere at det er ein stor mangel at alternativet «rehabilitering», altså inga endring i slukeevne, i så liten grad er blitt utgreidd i meldinga. Det er forståeleg at tiltakshavar nok ønsker fokus på det alternativet som inneber utviding i tillegg til rehabilitering, men av omsyn til best mogeleg saksopplysning bør det også stillast krav til at minstealternativet skildrast i detalj.

Fisk og ferskvassorganismar

Me synest naturlegvis det er positivt at det ved rehabilitering og utviding vil bli etablert fiskesikker rist og fluktveg for nedvandrande fisk, slik tiltakshavar skriv om i meldinga. Me vil likevel peike på behovet for ytterlegare tiltak for å betre tilhøva for fisk, ål og andre ferskvassorganismar, og å minne om nødvendigheita av å sjå tiltak i Bøelva i samanheng med fiskeforbetrande tiltak lenger nedstraums i Telemarksvassdraget. Det bør blant anna bli utgreidd kva for mogelegheiter som finst for å reetablere fiskevandningsveggar i tilknyting Oterholtfoss-området, og dette bør da koma fram som del av ein ny rapport.

Norconsults fagrapportar blei som før nemnd kritisert av fleire høyringspartar i samband med konsesjonsbehandlinga av Nye Oterholtfoss kraftverk. Norconsult gjorde supplerande undersøkingar av elvemusling (som Bøelva skal vera aleine om i Telemark å ha livskraftige bestandar av) og laks, men ikkje av andre prioriterte ferskvassorganismar som ål og niauge (negative verknader for storaure blei heller ikkje undersøkt den gong). Slik me vurderer det, er kunnskapsgrunnlaget for Bøelva per 2025 følgeleg for svakt til at det no er forsvarleg å opne opp for ein auke i kraftverkets slukeevne. Manglar i kunnskapsgrunnlag var også grunnen til at Fylkesmannen i Telemark i brev datert 17. mars 2016, opprettheldt motsegna den gong til daverande konsesjonssøknad, så me vonar at NVE denne gong vil stille krav som gjer at kunnskapsbasen for Oterholtfossen blir vesentleg utvida.

Me synest vidare at meldinga gjev eit lite tilfredsstillande bilde av korleis ein på den eine sida skal auke slukeevna til kraftverket og på den andre sida sørge for ein auke i minstevassføring. Her burde meldinga gått detaljert inn på korleis ein skal garantere dette, også med tanke på endringar i klimaet i tida framover.

Naturmangfald og vegetasjon

Området ved Oterholtfossen og heilt ned til Gåra bru er samla sett eit svært viktig naturområde med fleire verdifulle naturtypar, og Oterholtfoss-området spesielt utgjør eit av dei «biologiske høgdepunkta» innanfor det omtalte storområdet. Den elvenære lauvskogen er blant dei biotopane som er spesielt verdifull, og det same kan seiast om den ravine- og bekkekløftaktige naturen i sideløpa til sjølve Oterholtfossen. Det er eit behov for nye og meir detaljerte fagbiologiske naturundersøkingar enn dei som utgjør dagens kunnskapsgrunnlag, for det er framleis for mykje som ikkje er blitt kartlagt i detalj. Det blei gjort visse undersøkingar i 2010 av BioFokus, der blant anna enkelte naturtypar ved Oterholtfossen blei registrert, men dette var ei brei kommunekartlegging og ikkje ei detaljkartlegging retta mot eit spesifikt tiltak i og ved Oterholtfossen. Slik Naturvernforbundet peikte på i vårt høyringssvar datert 6. februar 2014 i høve Nye Oterholtfoss kraftverk, har fagpersonar hjå BioFokus stadfesta at rapporten frå 2010 ikkje er eigna som tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for bestemte tiltak i lokalitetar som Oterholtfossen.

Eit av deltemaa som tidlegare ikkje har blitt undersøkt, er såkalla fossesprøytsoner og verknaden av fossesprøyt på vegetasjon rett i nærleiken av fossen. Endringar i slukeevne og dermed vassføring i fossen, vil vera av betydning for eit slikt deltema, som følgeleg bør belysast nærare. Andre grundige vegetasjonsundersøkingar, som

til dømes av mosar, må koma på plass før ein reelt sett kan ta stilling til utbygging. Den kunnskapen som finst om vegetasjon, insektpopulasjonar, m.m., er langt ifrå tilstrekkeleg i dag.

Kultur og friluftsliv

Naturvernforbundet er ingen kulturminneorganisasjon, men me vil understreke kor viktig Kvennøya er i ein kulturhistorisk samanheng. Som nemnt lenger ovanfor, ser me positivt på at tiltakshavar vil bevare den gamle kraftstasjonen, men det bør gjerast grundigare analysar av kva for tiltak som er mogelege å utføre for å bevare meir av eksisterande gamal infrastruktur, dersom søknaden om rehabilitering og utviding no aksepterast. Eit intakt kraftverk av slik høg alder og med maskineri og anna utstyr av tilsvarande eller til og med enda høgare alder, er i seg sjølv ein attraksjon som ein bør anstrenge seg for å bevare mest mogeleg av i tilfelle utbygging – særleg med tanke på at det inngår som eit element i eit elles rikt kulturhistorisk miljø på Kvennøya med restar etter blant anna møller og husmannsplassar, der fossen og elva hadde betydning for levevis og arbeidsliv i eldre tider.

Som friluftslivarena har Oterholtfossen også svært stor verdi både lokalt og regionalt, slik blant anna engasjementet til nasjonale og lokale padleinteresser i tidlegare konsesjonsrundar har vist. Ikkje mange kommunar kan skilte med å ha eit relativt lite påverka vassdrag med mektig fossefall i nær avstand til bygdesentrum, og som eit stykke lett tilgjengeleg nærnatur kan ikkje Oterholtområdet betyding overdrivast. *Alle* brukargrupper kan i dag enkelt oppleve fossen, og dette er eit poeng me håpar NVE vil leggje stor vekt på og sjå i samanheng med tidlegare stortingsmeldingar om folkehelse og lett tilgjengelege friluftsområde. Klimaendringar vil høgst sannsynleg ha stor innverknad på mengda dagar med minstevassføring og dermed på opplevingsverdien av fossen for publikum, og derfor må ikkje den negative effekten av auka slukeevne undervurderast, sjølv om auka kan verke lita når ein ser ho isolert. Dette siste poenget gjeld naturlegvis også for dei andre deltemaa nemnt ovanfor, for eksempel kva ein slik auke vil ha å seia for den sårbare og prioriterte elvemuslingsbestanden.

Konklusjon

Det er heilt avgjerande at det no stillast krav om nye fagleg sterke undersøkingar av Oterholtfoss-området og Bøelva, dersom ein vel å gå vidare med behandling av meldinga frå Telemark Energi og Bystøl AS. Naturvernforbundet kan ikkje stille seg bak ein auke i slukeevne på noverande tidspunkt, særleg med tanke på at kunnskapsgrunnlaget er altfor svakt til at ein på ein ordentleg måte kan vurdere konsekvensane ei slik auke vil få på ferskvassorganismar, naturmangfald og opplevingsverdiar. Dersom NVE ikkje avslår meldinga slik ho no ligg føre, forventar me at det i alle fall ikkje blir eit konsesjonsfritak og at det stillast strenge krav til forbetring av kunnskapsgrunnlaget med bruk av kompetente fagaktørar før ein går vidare i prosessen.

Midt-Telemark kommune er hardt pressa når det kjem til kommuneøkonomi og me er derfor bekymra for at kommunen ikkje vil leggje tilstrekkeleg vekt på svakheitene til

prosjektet som me og andre høyringspartar har peikt på. Me meiner derfor at NVE må vera den instansen som vurderer og avgjer ein konkret søknad frå Telemark Energi i ein konsesjonsprosess når den tid eventuelt kjem.

For Naturvernforbundet i Midt-Telemark

Hans Christian Deilhaug
Leiar

Bjørn Olav Haukelidsæter
Styremedlem

Dag Steinar Ragvin
Styremedlem